

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 20.04.2018

SAKSHANDSAMAR: Nina Næsheim/Anne Sissel Faugstad

SAKA GJELD: **Tenesteavtale om øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunane**

STYRESAK: 45/18 A

STYREMØTE: 27.04.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen gir si tilslutnad til revidert Tenesteavtale 4 - Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp.

Oppsummering

I tråd med felles handlingsplan som er utarbeidd av Samhandlingsutvala, er det gjennomført eit arbeid med å revidere tenesteavtale 4 - Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp.

Det blei oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå dei fire overordna samarbeidsutvala i samarbeidsstrukturen: Samarbeidsutvalet for Bergen, Samarbeidsutvalet for Bergensregionen, Samarbeidsutvalet for Nordhordland og Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde. Arbeidsgruppa for kommunar og spesialisthelsetenesta har gått igjennom avtale 4, og levert utkast til revidert avtale i tråd med mandat frå samarbeidsutvala.

Dei fire overordna samarbeidsutvala behandla sak om revisjon av tenesteavtale 4 i desembermøta 2017 og i februar 2018. Representantane frå kommunane i Samarbeidsutvalet for Nordhordland tilrådde sine kommunar å ikkje inngå tenesteavtale om sitt ØHD-tilbod. Dei tre andre samarbeidsutvala slutta seg til avtaleutkastet som ligg vedlagt saka.

Etter behandling i samarbeidsutvala, hadde arbeidsgruppa nytt møte for å revidera siste utkast av tenesteavtale 4 og leggje til endringar som blei spela inn via representantar frå gruppa. Møtet blei gjennomført 10.januar 2018

Vedlagte avtale er endra slik at pasientgruppa for ØHD-tilbodet også inkluderer pasientar med problem med rus- og psykisk helse. Dette betyr at også einingar innan psykisk helsevern og rusomsorg er partar i avtalen.

Tenesteavtale 4 er etter revisjonen tilpassa den nye rettleiaren til Helsedirektoratet. Avtalen opnar for at lege i akuttmottak, i tillegg til fastlege, kan tilvise pasientar som er i målgruppa til kommunane sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Det vil vere opp til den som tar i mot tilvisinga i ØHD tilbodet, å vurdere om pasienten skal få eit tilbod.

I avtalen regnes følgjande verksemder som akuttmottak:

- Akuttmottak ved Voss sjukehus
- Mottaksklinikken ved Haukeland universitetssjukehus
- Akuttmottak ved Haraldsplass Diakonale Sykehus AS
- Psykiatrisk akuttmottak i Helse Bergen
- Distriktpsikiatriske senter i Helse Bergen sitt opptaksområde

Partane er einige om at det skal utarbeidast særavtalar knytt til tenesteavtale nr. 4. Særavtalene har som føremål å synleggjere geografiske, organisatoriske og faglege spørsmål, og dei skal konkretisere og tydeleggjere korleis ansvars- og oppgåvedelinga skal praktiserast mellom spesialisthelsetenesta og det lokale ØHD-tilbodet.

Kommentarer

Helse Bergen HF vurderer at avtalen kan bidra til at kommunane sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp vil bli betre utnytta.

Konklusjon

Administrasjonen tilrår at styret godkjenner det reviderte avtaleutkastet. Administrerende direktør får fullmakt til å inngå særavtaler som beskriver dei lokale ØHD-tilboda saman med dei kommunane som har slikt tilbod i Helse Bergen HF sitt lokalsjukehusområde.

Vedlegg

1. Tenesteavtale 4 – revidert avtale